



## Melding om vedtak

Thor J Kaarstein Larsen  
Venstøpkroken 13

3721-Skien

### Delegert sak nr. 18/48

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
TOVEBR	2018/664	5985/2018	151/198	04.04.2018

151/198 - Eitt-trinns søknad – tilbygg og bruksendring av delar av garasje  
**Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (plb) § 20-3.**

TILTAK: Nytt tilbygg til fritidsbustad samt bruksendring av delar av garasje.  
TILTAKETS ADRESSE: Silkedalen 118, 3864 RAULAND  
EIGEDOM: Gnr. 151 Bnr. 198 i Vinje kommune  
ANSVARLEG SØKJAR: DAG HELLESTAD, Oterholtvegen 49, 3802 BØ I TELEMARK  
TILTAKSHAVAR: Thor J Kaarstein Larsen, Venstøpkroken 13, 3721 Skien  
BRA (NS 3940): 44,1 m<sup>2</sup> – tilbygg. Total BRA – 211,5 m<sup>2</sup>  
BYA (NS 3940): 52,6 m<sup>2</sup> – tilbygg. Total BYA – 228,2 m<sup>2</sup>

### VEDTAK

1. Bakgrunn/utgreiing av tiltaket er gjeve jf. pkt.1 med underpunkt i saksutgreiinga.
2. Ansvarsrett og godkjenning av føretak jf. pbl § 23-1 i samband med tiltaket jf. pkt. 2 med underpunkt i saksutgreiinga.
3. Søknaden vert godkjent på fylgjande vilkår jf. pkt. 3 med underpunkt i saksutgreiinga.

#### Særskilte vilkår som ikkje er oppgeve i pkt. 3 i saksutgreiinga.

- Arealet av tomtene 151/601 og 151/198 – totalt 1695 m<sup>2</sup> er lagt til grunn for godkjenning av omsøkt utnytting at – BYA for tiltaket vert etter dette 13,5 %.

# SAKSUTGREIING

## 1. Bakgrunn og beskriving

Referanse:

1.1 Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20110002 – Vierli  
Terrengpark.

1.2 Tidligare byggesak, saksmappenr. (jnr.) 07/3398.

Grunnlag for handsaminga:

1.3 Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 27.02.2018. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 21.02.2018, jf. saksmappenr. (jnr.) 2018/664-1 med vedlegg.

1.4 Tiltaket gjeld tilbygg til eksisterande fritidsbustad samt innreiing av bad (4 m<sup>2</sup> BRA) i eksisterande garasje . Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

1.5 Naboar er varsla 06.02.2018.

Det er ikkje oppgjeve nabomerknadar frå ansvarleg søkar.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

## 2. Ansvarsrett og godkjenning

2.1 Oversikt over ansvarlege føretak som har erklæra ansvar, vedlegg nr. G3 - gjennomføringsplan.

*Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og pbl.*

2.2 Erklæring om ansvarsrett frå føretak, vedlegg nr. G1 og G2.

*Søkar(ane) ser ut til å ha oppfylt krav til godkjenning etter SAK 10 og pbl.*

### Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-4 og § 23-5

	Ansvarsbelagde område innafor prosjektering og ansvarleg søkar	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
SØK	Ansvarleg søkar	1	Dag Hellestad	Orgnr: 974 698 455	
PRO	Overordna ansvar for prosjektering	1	Dag Hellestad	Orgnr: 974 698 455	

SØK = Ansvarleg søkar – PRO = Ansvarleg prosjekterande S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning  
Ansvarleg søkar og ansvarleg prosjekterande sitt ansvar er gjeve i Forskrift om byggesak §12-2 og §12-3

## Ansvar i samband med tiltaket jf. pbl § 23-6

	Ansvarsbelagde område innafor utføring av tiltaket	Tilt. kl.	Føretak m/organisasjonsnummer		God kj.
UTF	Overordna ansvar for utføring	1	Flatdal Handlaft AS	Orgnr: 989 232 096	

UTF = Ansvarleg utførande

S = Sentral godkjenning L = lokal godkjenning

Ansvarleg utførande sitt ansvar er gjeve i *Forskrift om byggesak* §12-4

### 3. Vilkår

- 3.1 Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).
- 3.2 Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.
- 3.3 Taktekking skal være torv.
- 3.4 Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.  
Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).
- 3.5 Tilknytingsavgift (eingongsavgift) for vatn og kloakk blir rekna etter gjeldande satsar i kommunen, jf. *Føresegner for vatn- og kloakkaogifter i kommunen*. I tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbygger særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleidning. Før tilkopling til både offentlege og private vatn- og avlaupsanlegg **skal** ein varsle avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.  
**Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette.** Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.
- 3.6 Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.
- 3.7 Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.
- 3.8 Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ:

Løyve til tiltak – BYA mindre enn 80 m<sup>2</sup> : 12.200,-

*Arealgrunnlag: BRA/BYA = 44,1 m<sup>2</sup>/ 52,6 m<sup>2</sup>.*

*Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2018) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato. Faktura vert ettersendt.*

3.9 Areal ein skal rekna tilknytingsavgift for:  $BRA = 164,5 \text{ m}^2$  (total oppvarma BRA etter tilbygg).

### **Orientering om renovasjonsordning og årlege kommunale avgifter vert ettersendt.**

#### **Konklusjon**

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeva løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i pbl. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Tove Bringsvær  
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

**Kopi til:**  
Dag Hellestad  
Flatdal Handlaft AS